

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2111-1

14. mai 2018

Høyring - særlege reglar for kvinnelege fiskarar i samband med fødsel

Nærings- og fiskeridepartementet foreslår i denne høyringa å endre enkelte føresegner i fiskeriregelverket for å leggje til rette for at kvinnelege fiskarar kan ta ein lengre pause frå fiskaryrket i samband med fødsel, utan å misse rettar knytt til fiskaryrket.

Meir konkret går forslaga ut på å opne opp for at kvinnelege fartøyeigarar ved fødsel kan få unntak frå kravet om å stå om bord under fiske i open gruppe for kystfiskeflåten, frå tolv veker før fødsel til utgangen av det andre kalenderåret etter fødselen. Ein foreslår dessutan at kvinnelege fiskarar, både fartøyeigarar og mannskapar, kan bli ståande på blad B i fiskarmannatalet frå tolv veker før fødsel til utgangen av det andre kalenderåret etter fødselen.

Formålet med forslaga er å leggje til rette for at kvinner ved fødsel kan ta ein monaleg lengre pause frå fiskaryrket utan å misse sine rettar til å delta i fiske som fartøyeigar eller til å motta sosiale og trygderettslege ytingar som gjeld særskilt for fiskarar.

Høyningsfristen er 29. juni 2018.

Les og svar på høyringa her: www.regjeringen.no/id/2601160

Høyringar er opne, og alle kan sende innspel til oss. Vi ber om at de sender høyringssvar digitalt ved å nytte skjemaet for høyringssvar på www.regjeringen.no.

Bakgrunn

Fiskaryrket har tradisjonelt vore dominert av menn. Dei siste to åra har vi likevel sett ein auke i talet på kvinner om bord på fiskefartøy, men dei er framleis få. I 2017 var berre 311 kvinner registrert som yrkesfiskarar.

Det er nok ulike historiske åraker til at fiskaryrket er så dominert av menn. Ein kan likevel ikkje sjå vekk i frå at det er særleg vanskeleg å kombinere eit fiskarliv på havet med det å få barn.

Ei særleg utfordring i denne samanhengen er at fiskeriregelverket i ulike samanhengar stiller krav om at ein person må vere aktiv fiskar for å kunne halde ved lag ulike rettar som mannskap eller fartøyeigar. Det er gjort nokre unntak frå slike krav i samband med fødsel, men ein kan stille spørsmål ved om unntaka går langt nok.

I denne samanhengen er det særleg to reglar vi vil trekke fram: kravet om å arbeide om bord på eit fiskefartøy for å kunne vere registrert i fiskarmannatalet, og kravet om å stå om bord som hovudsmann for å kunne delta i dei fleste kystfiskeria som er regulerte med open gruppe.

Fiskarmannatalet er som kjent eit register over alle yrkesfiskarar som er busette i Noreg, og registreringa er ein føresetnad for å halde ved lag ulike rettar knytt til fiskaryrket. Manntalet er delt i eit blad A for deltidsfiskarar og eit blad B for heiltidsfiskarar. Det er i utgangspunktet eit krav for registrering i manntalet at vedkomande arbeider om bord i eit fiskefartøy, men det er gjort enkelte unntak: I samband med fødsel er det for kvinnelege fiskarar gjort unntak frå mellom anna kravet om å arbeide om bord i ein periode "*frå vedkomande går ut i fødselspermisjon og fram til utgangen av kalenderåret etter fødselen*", jf. manntalsforskrifta § 6 fjerde ledd.

For kystfiskefartøy som deltek i det vi kallar open gruppe i fiskeria som er regulerte i deltakarforskrifta, gjeld det frå 2018 eit krav om at fartøyeigar under utøving av fiske og fangst må vere hovudsmann om bord i fartøyet. Det gjeld enkelte unntak, ved skade og sjukdom og utføring av ulike verv, og dessutan dersom "*eier har født eller skal føde barn og er i fødselspermisjon*", jf. deltakarforskrifta §§ 13 første ledd bokstav d nr. 2 mfl.

Våre vurderinger

For departementet er det ei klar målsetjing å leggje til rette for ein auke i talet på kvinnelege fiskarar, i og med at dei er så få som dei er. I samband med fødsel gjer særskilde behov seg gjeldande for kvinnelege fiskarar, og fiskeriregelverket tek til ein viss grad høgd for dette ved at det gjeld eigne unntak frå kravet om å arbeide om bord på fiskefartøyet for å stå på blad B, og frå kravet om at fartøyeigar må stå om bord som hovudsmann ved fiske i open gruppe.

Det er likevel grunn til å stille spørsmål ved om ikkje desse unntaka bør ha større rekkevidde. Begge unntaka gjeld i dag berre i ein periode frå vedkomande går ut i fødselspermisjon, og høvesvis fram til utgangen av kalenderåret etter fødselen og utløpet av fødselspermisjonen.

Departementet meiner at fiskaryrket har ein slik fysisk karakter at det gjev kvinner særlege utfordingar ved fødsel. Det er ekstra krevjande å stå om bord både i perioden med graviditet, og den seinare perioden med amming, også etter at forelderpermisjonen er avslutta. Ein viser til at Verdsorganisasjonen for helse tilrår ein ammeperiode på inntil to år.

Departementet vil derfor foreslå at begge unntaka vert gjort gjeldande i tolv veker under svangerskapet, på same måte som svangerskapspermisjon etter arbeidsmiljølova § 12-2, og dessutan i minst to år etter fødselen slik at alle kvinnelege fiskarar kan konsentrere seg om amming i ein lengre periode.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Høyringsforsлага vil i liten grad ha administrative og økonomiske konsekvensar. Det er ikkje grunn til å tru at fiskeriforvaltninga vil ta imot mange fleire søknader om dispensasjon berre fordi han kan gjelde i ein lengre periode enn tidlegare.

Forslag til forskriftsendringar:

I manntalsforskrifta gjer ein følgjande endringar:

§ 6 fjerde ledd (endra) skal lyde:

*Gravide personar som står på blad B skal, utan omsyn til vilkåra i § 5 nr. 3-nr. 4, bli ståande på blad B frå *dei går ut i svangerskapspermisjon etter arbeidsmiljøloven eller tilsvarende tid før fødselen* og fram til utgangen av *det andre kalenderåret etter fødselen*.*

I deltakarforskrifta gjer ein følgjande likelydande endringar:

§§ 13 første ledd bokstav d nr. 2, 16 første ledd bokstav d nr. 2, 20 første ledd bokstav d nr. 2, 23 første ledd bokstav d nr. 2, 25 første ledd bokstav d nr. 2, 27 første ledd bokstav d nr. 2, 29 første ledd bokstav d nr. 2, 31 første ledd bokstav d nr. 2, 32 første ledd bokstav d nr. 2, 33 første ledd bokstav c nr. 2, 35 første ledd bokstav d nr. 2, 36 første ledd bokstav e nr. 2, 40 første ledd bokstav e nr. 2 og 43 b første ledd bokstav e nr. 2 skal lyde:

xx) eier er gravid eller har født barn for mindre enn to år siden. Dispensasjonen kan gjøres gjeldende i inntil tolv uker mens fartøyeier er gravid, eller

Med helsing

Martin H. Bryde
avdelingsdirektør

Christian Wormstrand
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikke handskrive signaturar

Adresseliste

Arbeids- og velferdsetaten	Postboks 5 St Olavs Plass	0130	OSLO
Det norske maskinistforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Landsorganisasjonen i Norge	Youngsgt. 11	0181	OSLO
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk Sjømannsforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Norsk Sjøoffisersforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Regelrådet	Kartverksveien 21	3511	HØNEFOSS
Sametinget	Ávjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK